2.8 Næring

Temanotat

Forarbeid til kommuneplanens arealdel

HJELMELAND KOMMUNE – HØYRINGSUTKAST 2026

Innhald

1. Innleiing 3
2. Arealreserven i Hjelmeland kommune 5
3. Generelle innspel 6
4. Kartfesta innspel 7
   - 4.1. Innspel 8 – Osa Bru – Ålakjibå, gjere om friområde til næring 8
   - 4.2. Innspel 79 – Nesvik, Jøsneset - drivstoffstasjon 9
   - 4.3. Innspel 21, 118 og 77 - Viganeset, Hjelmeland 11
   - 4.4. Innspel 32, 74, 99, og 118 - Utviding næringsområde Svadberg – Årdal 15
   - 4.5. Innspel 82 og 95 – Fosså – utviding industriområde 17
   - 4.6. Innspel 100 og 32 - Årdalstunet næringsområde – utviding 18
   - 4.7. Innspel 101- Behalde og fortette industriområde Melsøyrane 19
   - 4.8. Innspel 101 og 126 Barnevik 19
   - 4.9. Mjølhus 20
   - 4.10. Politisk innspel – kombinert massemottak/næring, Ingvaldstad 22
   - 4.11. Politisk innspel – utvide Puntsnes industriområde 24
5. Planvask – vurdering av områda i gjeldande kommuneplan 25
   - 5.1. I1 – 71/1 Viganeset,Hjelmeland 26
   - 5.2. I2 – 86/1 Sigmundstad, Fister 27
   - 5.3. I5 – 142/3 Steinsvika, Nessa 29
   - 5.4. I6 – 63/1,18,77 Pundsnes, Hjelmeland sentrum 30
   - 5.5. I8 – 81/3 Hetlandsbygda, Fister 32
   - 5.6. I9 – 18/15,16 Fosså Jøsneset 34
   - 5.7. I10 – 30/2 Haugevika, Jøsenfjorden 35
   - 5.8. I11 – 58/1,58,59 Almenningen, Hjelmeland sentrum 36
   - 5.9. I12 – 59/1,57 og 102 Osa Bru, Ålakjibå, Hjelmeland sentrum 37
   - 5.10. I13 – 103/24,26 mfl Melsøyrane, Årdal 38
   - 5.11. I15 – 73/1 Barnevik Industriområde, Fister 39
6. Vurdering av behov for overordna felles planar 40
   - 6.1. Viganeset 40
   - 6.2. Svadberg og Melsøyrane 41
7. Oppsummering/arealrekneskap 43
8. Konsekvensutgreiing og ROS vurderingar 44
   - 8.1. Innspel 79 - Nesvik, Jøsneset – drivstoffanlegg 44
   - 8.2. Innspel 32, 74, 99 og 118 – Utviding næringsområde Svadberg 46
   - 8.3. Innspel 21, 118 og 77 Viganeset – utviding av næringsområde 46

8.4. Innspel 32, 74, 99 og 118 – Utviding næringsområde Svadberg 53
8.5. Innspel 82 og 95 Fosså utviding av industriområde 56
8.6. Innspel 100 og 32 – Årdalstunet næringsområde -utviding 59
8.7. Mjølhus 62
8.8. I5 – Steinsvik 65
8.9. I6 Puntsnes 68
8.10. I8 – Hetlandsbygda 71
8.11. I10 – Haugevika 73
8.12. Almenningen 77
8.13. Osa bru – Ålakjibå 81
8.14. I15 – Barnevik 84
8.15. Politisk innspel – kombinert massemottak/næring, Ingvaldstad 87
8.16. Politisk innspel – utvide Puntsnes industriområde 90

1. Innleiing

Dette temadokumentet omhandlar dei områda som i plan- og bygningslova § 11-7, høyrer heime under Hovudformål: Bebyggelse og anlegg - underformål – næringsbebyggelse, samt kombinerte føremål der næring inngår som del av føremålet. I kommunal og distriktsdepartementet sin rettleiar til kommuneplanen sin arealdel står følgjande:

Næringsbebyggelse omfatter kontor, hotell, overnatting, bevertning, industri-, håndverks- og lagervirksomhet, bensinstasjon, vegserviceanlegg og annen næringsvirksomhet som ikke er angitt som eget formål.

I kap. 2 er det eit oversyn over kor mykje planlagt næringsareal som inngår i gjeldande kommuneplan (arealreserven).
I kap. 3 og 4 viser vurderinga av generelle og kartfesta innspel.
Kapittel 5 viser ein gjennomgang av område som inngår i gjeldande plan, og ei vurdering i forhold til området skal vidareførast eller om ein skal ta det ut av planen(planvask).

I kap. 6 kjem ei oppsummering og oversikt over planlagt næringsareal i forslag til ny plan.
Vurderingane i kap. 4 og 5. er baserte på konsekvensutgreiing og risiko og sårbarhetsanalysar; desse er viste i kap. 7.
KU og ROS er utarbeidd med hjelp av tilgjengeleg informasjon i offentlege kartbasar. Me har for ein stor del brukt temakart Rogaland, Naturbase.

Arealstrategi

Sosial berekraft

- Me skal leggja til rette for auka busetjing og god trivsel i kommunen gjennom å vidareutvikla grendene som attraktive møteplassar. Hjelmeland skal vidareutviklast som eit framtidsretta og fleirfunksjonelt kommunesenter der ein finn gode service- og kulturtilbod
- For å sikra moglegheit for bustadbygging i grendene, skal me ha område sett av til spreidd bustad- og næringsbygging

Økonomisk berekraft

- Me skal ha tilgjengelege næringsareal i kommunen og sørgja for god utnytting av nye og eksisterande næringsareal. Det skal leggjast vekt på gjenbruk av areal framfor å ta i bruk nytt. Næringsareal på sjø og land skal vurderast i forhold til konfliktpotensial mot andre brukarinteresser
- Me skal sikra eit levedyktig landbruk, som tek vare på verdiskaping og kulturlandskap, gjennom ei streng forvaltning av jordvernet
- Me skal ta vare på kulturminne og kulturmiljø for å bevara vår eigenart, men og som ein ressurs for reiseliv og næringsutvikling
- Svadberg og Viganeset er særleg viktige industriområde i kommunen

Miljømessig berekraft

- Urealiserte reguleringsplanar av eldre årgang, særleg dei som er eldre enn 20 år, skal vurderast oppheva
- Me skal nå dei nasjonale måla om redusert omdisponering av dyrka/ dyrkbar mark, redusera inngrep i våtmark og myrområde og anna viktig natur. Dette gjer me ved å byggja tett i bustad-, fritidsbustad- og næringsområde, både i nye og eksisterande byggeområde. Me ynskjer også å redusera dagens omsynssone frå 50m til 25m langs sjø/vassdrag.
- Me skal plassera utbyggingsområde, og utvikla desse, slik at dei toler konsekvensar av klimaendringane, som til dømes auka risiko for flaum, vind, stormflo, skred og steinsprang.
- Me skal ha ei restriktiv haldning i 100-metersbeltet langs sjø. Det skal likevel kunne leggast til rette for kystbasert næringsutvikling og natur- og kulturbasert næringsutvikling.

Definisjonar:

ABC-prinsippet i arealplanlegging er ein metode for å lokalisere verksemder ut frå kor mykje transport dei skaper, og kor godt dei bør vere tilgjengelege med kollektivtransport, sykkel og gonge.

Område	Prinsipp
A-område	Arbeidsplass- og besøksintensive verksemder, som kontor, handel og service. Bør liggje sentralt, med god kollektivdekning.
B-område	Verksemder med middels transportbehov. Bør liggje med god tilgang til både hovudvegnett og kollektivtransport.
C-område	Transport- og arealkrevjande verksemder, som lager, industri og logistikk. Bør liggje nær hovudvegnett, med mindre krav til sentral plassering.

Hovudmålet: Å redusere transportbehov, bilavhengigheit og miljøbelastning ved å plassere rett verksemd på rett stad.

2. Arealreserven i Hjelmeland kommune

Totalt for heile kommunen

Arealreserven er 172 dekar
Fulldyrka jord 45 dekar
Innmarksbeite 15 dekar
Skog 112 dekar

Hjelmeland

Stad	Totalt areal	Dyrka	skog
Viganeset	41	28	13
Puntsnes	17	0/3	13
Osa bru- Ålakjibå	4	0/2	2
SUM	62	28/5	28

Fister

Stad	Totalt areal	Dyrka/innmarksbeite	skog
Sigmundstad	2	1/1	13
Hetlandsbygda	20	11/9	
Barnevik	53		53
SUM	75	12/10	66

Årdal

Stad	Totalt areal	Dyrka	skog
Nessa	2		2

Jøsneset

Stad	Totalt areal	Dyrka	skog
Fosså	21	5	16

3. Generelle innspel

Innspel nr 57 Viga AS
Viga Havn tilbyr utleige av selskapslokale og rom til private og firma. Det er viktig for dei at området rundt ikkje er forureina av støy el. lukt. Viga Havn ligg slik til at dei har direkte utsikt til industriområdet Viganeset og skriv at dei i alle år har levd bra med dette utan konfliktar. Dei ber om at all framtidig industri i området held seg innafor reguleringsføresegnene som gjeld her, og viser til §6 i detaljreguleringsplan for Viganeset Nord industriområde som seier at kommunen kan nekte oppført verksemder som med røyk, støv, lukt eller anna årsak vil kunne sjenera omgivnaden. I tillegg til å ha føresegner om omsynet til fiskeforedlingsindustrien på Hundsnes og forholdet til forureiningslova.

Det er kome kartfesta innspel om utviding av næringsarealet på Viganeset, og om å ta ut areal på Viganeset. Vidare er fleire reguleringsplanar på Viganeset meir enn 15 år og såleis gjenstand for vurdering av planvask. Det betyr at heile Viganeset-området må vurderast i ein heilskap, der ein blant anna må vurdera behovet for nye reguleringsplanar. Om ein kjem til at det må utarbeidast nye planar, så vil omsynet til omgjevnadane vera ein del av vurderinga i nye planar. Om dei gjeldande reguleringsplanane blir vidareførte vil føresegnene gjelda som før.

Konklusjonen er at innspelet må sjåast i samanheng med vurdering av vurdering av konkrete kartfesta innspel for Viganeset. Det er overflødig å ha føresegner i kommuneplanen som slår fast at ein skal følgja føresegnene i gjeldande reguleringsplanar.

Innspel nr 67 Askvik Velforening
Ønskjer at framtidig industri på Viganeset bør vera minst mogleg trafikkintensiv. Dei er bekymra for etablering av biogassanlegg på Viganeset, både i forhold til luftforureining, auka trafikk og frykta for ei storulykke i nærmiljøet. Rett i nærleiken av bustader/hytter blir det i same området etablert et oksygenanlegg i tillegg eksisterande fyllestasjon for hydrogen. Lokalsamfunnet i Askvik/Hundsnes området opplever stor utryggheit rundt desse forholda og ber om at sikkerheit og trivsel som lokalsamfunn blir ivaretatt ved framtidige industrietableringar i nærområdet vårt.

I arealstrategien er det vedtatt at Viganeset er eit særleg viktig industriområde. Det er også kome konkrete kartfesta innspel på utviding av Viganeset, og motsett - å ta næringsareal ut av planen. Det er naudsynt å gjera ei heilskapleg vurdering av heile Viganeset området. I desse vurderingane vil også omsynet til omgjevnadane vera eit av fleire vurderingstema. Ein viser elles til vurdering av konkrete innspel på Viganeset i kap. 4, og vurdering for planvask i kap. 5.

Kartfesta innspel

Her følgjer innspel som er kome inn i forbindelse med rullering av kommuneplanen.

Følgjande innspel er ikkje vurdert vidare som følgje av fsk- sak 40/26:

Innspelsnummer	**Stad**	**Innspel**
1, 38, 39	Almenningen	endre frå industri til sentrumsformål 58/58, 58/59,73. Vurdert i Tema_sentrumsformål
8, 108	Hjelmelandsvågen	Endre frå friområde til næring ved I11.

Følgjande innspel er vurdert med ROS og KU:

Innspelsnummer	**Stad**	**Innspel**
29	Almenningen	Behalde industriformål, sjå innspel 1. Vurderinga er gjort i kap. 5, område I11
57, 67	Viganeset	Arealbruk Viganeset
77	Viganeset	Frå industri til LNF
118	Viganeset, Rophammar	Utvide/fortette
118	Svadberg	Utvide

4.1. Innspel 8 – Osa Bru – Ålakjibå, gjere om friområde til næring



Forslagsstillar	LG Jansen eigedom AS v/Rycon AS
Eigar	Hjelmeland kommune
Stad. Gbnr	Osa bru – Ålakjibå , 59/1
Gjeldande kommuneplan	Grønnstruktur - friområde
Gjeldande reguleringsplan	Ikkje regulert
Skildring av området	Næringsområde med to næringsbygg, der det eine inneheld frisørsalong og butikken «Lett blanding». Spinneri i den andre bygningen
Skildring av forslag	Utvide næringsområde inn i friområdet
Arealstorleik	Snautt 8 daa
0-alternativ	Dagens arealbruk, dvs ingen utbygging
Interessekonfliktar	
Natur og næring; det er viktig å ivareta kantsona mot vassdrag. I Hjelmelandsvassdraget er det elvemusling som er ein sårbar (VU) art og på raudlista. Elva er også anadrom med oppgang av laks, aure og ål (EN, Sterkt trua).	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	Treff ikkje særskilt på arealstrategi i forhold til sosial berekraft.
Miljømessig berekraft	I motstrid med strategi om å ta omsyn til anturmangfald.
Økonomisk berekraft	I tråd med strategi om tilgjengeleg næringsareal.
Samla vurdering	
Ein har forståing for ønskje frå forslagsstillar, men her er omsynet til naturverdiane knytt til elva og kantsona langs så store at det ikkje er tilrådeleg å redusera kantsona ytterlegare	
Kommunedirektøren si tilråding	
Tilrår ikkje å ta inn dette innspelet, ein har tilrådd at området blir endra frå grønnstruktur friområde til grønnstruktur natur – sjå vurdering i temadokumet om grønnstruktur.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Som tilråding.	

4.2. Innspel 79 – Nesvik, Jøsneset - drivstoffstasjon





Forslagsstillar	Thomas Tjeltveit
Eigar	Lars Reidar Nesvik
Stad. Gnr/Bnr	19/3, Indre Ryfylkeveg, Nesvik
Gjeldande kommuneplan	LNF
Gjeldande reguleringsplan	Ikkje regulert
Skildring av området	Området ligg tett inntil RV13 og er pr i dag opparbeidd grusplass med avkøyring frå/til RV 13. IVAR Renovasjon Ryfylke har renovasjonscontainerar på plassen pr nå. Plassen er avgrensa med gjerde. Ligg i 100 m beltet frå sjø, men i høgd med RV13, ca 34 moh
Skildring av forslag	Sjølvbetjent drivstoffanlegg, mobilbygg,
Arealstorleik	Ca 1 daa
0-alternativ	Dagens situasjon

Interessekonfliktar	
IVAR nyttar deler av området til renovasjonscontainerar. Området er også nytta som rasteplass/utkikkspunkt. Drivstoffanlegget i seg sjølv krev ikkje stort areal, men det må vera tilstrekkeleg trafikkareal. Det er usikkert om området har plass til alle desse funksjonane.	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	Treff ikkje særskilt på arealstrategi i forhold til sosial berekraft.
Miljømessig berekraft	Treff ikkje særskilt på arealstrategi i forhold til miljømessig berekraft, men heller ikkje i motstrid.
Økonomisk berekraft	I tråd med strategi om tilgjengeleg næringsareal.
Samla vurdering	
Positivt med fleire muligheter for fylling av drivstoff, og ein trur dette kan kombinerast med dagens bruk av området på ein god måte.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Tilrår å ta med området inn i kommuneplanen. Det må utarbeidast plan som også gir rom for avfallscontainerar og raste/utkikksplass.	

Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilråding.

4.3. Innspel 21, 118 og 77 - Viganeset, Hjelmeland





Forslagsstillarar	Næringsforeningen i Stavanger(innspel 118), LG Jansen(innspel 21), merknadar frå grunneigarar (77 og 36)
Eigar	Oddbjørg og Tor Helge Heggland, Anna Lena Kleppa og Kjell Magne Hjørungdal, Hjelmeland kommune
Stad. Gbnr	Viganeset sør – 71/1, 3, 5,6, 7 og 26
Gjeldande kommuneplan	Framtidig idrettsanlegg, LNF
Gjeldande reguleringsplan	R54 Viganeset industriområde, R55 Viganeset industriområde, nordre del
Skildring av området	Innspelsområdet går rundt eksisterande industriområde
Skildring av forslag	- LG Jansen eigedom AS (21); innspel om å utvide industriareal. - Næringsforeningen i Stavangerregionen(118); utvide næringsareal. - Haver AS på vegne av fam. Randa Heggland(77): innspel om at alt på eigedommen 71/1 blir lagt tilbake til LNF - Kleppa og Hjørungdal: innspel 36 om at heile eigedomen 71/3 skal vere LNF
Arealstorleik	
0-alternativ	Dagens situasjon
Interessekonfliktar	
Landbruk/jordvern: å ta inn alle områda som er føreslått ville gjeve ei betydeleg nedbygging av landbruksinteresser i området. Levegrunnlaget for gardane som råkast kunne settast i fare ved nedbygging av areala deira. Kulturminne: det er få, registrerte kulturminne. Dei som er der bør ein ta omsyn til ved plan, regulering og utbygging.	

Strandsone: strandsona er for ein viss del allereie utbygd. Vidare er det lite aktuelt med etablering i strandsona for store delar av området sidan det er svært bratt, og ikkje mogleg å bygga i strandsona	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	Berre indirekte påverknad på sosial berekraft. Ein må ta omsyn til trafikktryggleik
Miljømessig berekraft	Utbygging bør skje på ein måte som avgrensar negative konsekvensar for natur- og kulturmiljø. Det er viktig med tilstrekkeleg utgreiing av utslepp og forureiningsrisiko, i tillegg til å sikra nødvendige avbøtande tiltak i vidare detaljplanlegging.
Økonomisk berekraft	Vidare utvikling av næringsområdet på Viganeset støttar opp om mål om tilgjengelege næringsareal Viganeset er saman med Svadberg utpeika som eit særleg viktig industriområde for kommunen
Samla vurdering	

Samla vurdering

Viganeset er eit etablert nærings- og industriområde med gode føresetnader for vidare næringsutvikling. Området har allereie eksisterande næringsverksemd, tilgang til sjø, teknisk infrastruktur og oppgradert nettkapasitet, noko som gjev eit godt grunnlag for etablering av nye verksemder og auka verdiskaping. Vidare utvikling av området blir vurdert å kunna bidra positivt til sysselsetting og styrka næringsgrunnlaget i Hjelmeland kommune.

Samtidig omfattar området registrerte naturverdiar, kulturminne, jordbruksareal og areal innanfor 100-metersbeltet langs sjøen. Det må derfor takast omsyn til naturmangfald, kulturmiljø, landskap og strandsona i framtidig planlegging. Tap av jordbruksareal kan reduserast ved å vurdera flytting og gjenbruk av jordressursar på eigna areal i nærleiken.

Den største utfordringa er knytt til transportsystemet og kapasiteten på den eksisterande tilkomstvegen mellom Kleppakrossen og Viganeset. Vidare næringsutvikling vil kunna medføra auka tungtransport på eit vegnett med avgrensa kapasitet og standard. Oppgradering av vegsystemet bør derfor leggast inn som eit rekkefølgekrav før etablering av nye verksemder med stort transportbehov.

Sone 1 (Nord)

Basert på analysen blir Sone 1, Viganeset nord, vurdert som eigna for arealkrevjande lager- og industriverksemd, tilsvarande kategori B/C i ABC-prinsippet. Området har nærleik til sjø og kaiområde, noko som gjer det særleg eigna for sjøretta næring og verksemder med behov for sjøtransport.

I tillegg ligg området i tilknyting til etablerte industriområde, der dei tilgjengelege areala ligg i god avstand frå eksisterande busetnad.

Sone 2 (Sør)

Viganeset sør blir vurdert som eigna for lager- og industriverksemd. Området er allereie utbygd med næringsaktivitet og er eigna for fortetting. Området bør i hovudsak nyttast til lager-, verkstad-, service- og produksjonsverksemd med avgrensa arealbehov og moderat transportomfang, tilsvarande kategori B/C i ABC-prinsippet.

I tillegg er området i sør og vest eksponert for innsyn frå Randøy og glampingverksemda. Det bør derfor vurderast tilrettelegging for ein meir variert bygnings- og næringsstruktur enn store samanhengande bygningsvolum. Vidare bør det gjennomførast landskapstilpassing av bygningar og anlegg for å minimera negative visuelle verknader for omkringliggande område.

Sone 3 (Rophammar)

Det er knytt usikkerheit til utvikling av Rophammaren. Området omfattar myr, jordbruksareal og areal innanfor 100-metersbeltet langs sjøen, noko som krev nærmare utgreiing. Det reelle utbyggingspotensialet kan derfor vera vesentleg mindre enn det som kjem fram gjennom ei overordna arealvurdering. Det er ikkje tilrådd å legga Rophammaren til næring.

Forslag til utviding av næringsområdet

Næringsområdet på Viganeset blir utvida med om lag 80 dekar, markert med mørkare rosa i kart under. Rød skravur viser krav til ny, samla plan for området som Statsforvaltaren har bede om.

Frå eksisterande areal i nordvest følger forslaget klippekanten mot sørvest, forbi Randøy bru og sør til nær kulturminnet Bonshidlaren. Det kan etablerast tilkomst til sjøen for å serva akvakulturverksemda vest for området. Området leggast rundt om Bonshidlaren før det går ut til sjøen i det sørvestre hjørna av området. Det er noko skog som takast i den vestre delen av området. Landbruks- og naturmangfaldinteresser på austre delen av Viganeset blir ikkje påverka av utvidinga av næringsområdet. Strandsonen må reknast for det meste intakt då etablering lengre ut mot klippekanten mot vest ikkje er øydeleggande for ferdsle eller utnytting av strandsonen.

Konklusjon

Samla sett blir Viganeset vurdert som godt eigna for vidare næringsutvikling, føresatt at omsynet til natur- og kulturverdiar blir tekne vare på, at jordressursane blir handterte på ein god måte, at nødvendig oppgradering av vegnettet blir gjennomført i høve etablering av trafikkintensive verksemder, og at utviklinga blir sett i samanheng med eksisterande industri på Hundsnes. Med desse føresetnadene blir dei positive effektane knytt til næringsutvikling, verdiskaping og sysselsetting vurderte å vega tyngre enn dei negative konsekvensane.

Dei delane av forslaget som er tatt inn gjev ei utviding av næringsarealet på Viganeset på rundt 80 dekar, eller 35 %. av det eksisterande arealet. Samtidig er det tatt omsyn i størst mogleg grad til landbruk, naturmangfald, kulturminne og strandsona



Kommunedirektøren si tilråding
Tilrår å ta med deler av det føreslåtte området, jf kartutsnitt. Det bør utarbeidast ein samla områdeplan for heile Viganeset næringsområde der eigna næringar blir omtala. Vidare bør det stillast krav til betre utnytting av området (fortetting), og rekkefølgjekrav om at områder som i dag ikkje er nytta til landbruksproduksjon skal utnyttast før nedbygging av dyrka mark.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilråding.

4.4. Innspel 32, 74, 99, og 118 - Utviding næringsområde Svadberg – Årdal

Innspel nr	
 	
Forslagsstillar	Årdal Bygdaråd nr 32, Hjelmeland bondelag nr 74, Årdal Aqua nr 99 og Næringsforeningen i Stavanger
Eigar	Tårn Sigve Schmidt
Stad. Gbnr	139/10, 33
Gjeldande kommuneplan	Mesteparten er Råstoffutvinning + ein mindre del LNF
Gjeldande reguleringsplan	Ikkje regulert
Skildring av området	Området er for det mest fulldyrka jord. Noko overflatedyrka, innmarksbeite og skog. Området ligg i tilknyting til industriområde på Svadberg med bl.a. Årdal Aqua, og inn mot Svadbergsfjellet i sør.
Skildring av forslag	Utvide eksisterande næringsområde Svadberg.
Arealstorleik	110 dekar
0-alternativ	Dagens bruk
Interessekonflikter	
Fulldyrka mark, kulturminne, naturverdiar på delar av området.	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	Slår ikkje spesielt ut ift denne strategien
Miljømessig berekraft	Manglar kunnskapsgrunnlag ift natur/naturfare. I strid med nasjonalt mål om strengt jordvern
Økonomisk berekraft	I tråd med føring om satsing på næringsutvikling - men i strid med restriktiv jordvernstrategi . I tråd med Svadberg som prioritert industriområde
Samla vurdering	
Må sjåast i samanheng med vurdering av innspel om fjellhall og planvask Melsøyrane. Jf. vurdering utført av Vial på vegne av New Kaupang.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Tilrår å planlegge eit større område med ny RV 13, utviding Svadberg og ny regulering av Melsøyrane som eigen kommunedelplan – sjå eiga vurdering kap.	

Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilråding.

4.5. Innspel 82 og 95 – Fosså – utviding industriområde





Forslagsstillar	Thomas Tjeltveit 82 og Jøsneset bygdaråd 95
Eigar	Hjelmeland kommune
Stad. Gbnr	8/15,16,17,18
Gjeldande kommuneplan	LNF
Gjeldande reguleringsplan	Ingen
Skildring av området	Skog, beite og overflatedyrka mark langs jøsnesvegen
Skildring av forslag	Vidareføre og utvide industriområde
Arealstorleik	30 dekar + 23 dekar utviding
0-alternativ	Dagens arealbruk

Interessekonflikter	
Størst konflikt i forhold til naturverdiar, både kantsone mot elva og kartlagde naturtypar. Delvis også til landbruk då noko av arealet er innmarksbeite.	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	Slår ikkje spesielt ut ift denne strategien
Miljømessig berekraft	Manglar ein del kunnskapsgrunnlag ift natur/landbruk/naturfare. Kan bli noko i strid med dyrka/dyrkbar jord og forholdet til vassdrag gjennom området.
Økonomisk berekraft	I tråd med føring om å utnytte eksisterande næringsområde godt og ha tilgjengelege næringsareal. Aktuelt å fortette/vidarutvikle dei næringsareal som alt er avsett i planen.
Samla vurdering	
Det er behov for næringsareal i kommunen, og det er bra å kunne leggje til rette for næring i alle bygdene. Samstundes skal ei ta vare på naturverdiar og vannmiljø. Difor vil det vera viktig å ta omsyn til desse verdiane ved utarbeiding av reguleringsplan, og utbygging av området	
Kommunedirektøren si tilråding	
Ta inn deler av området, men med tilpassing med omsyn til vassdrag og naturverdiar.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Som tilråding.	

4.6. Innspel 100 og 32 - Årdalstunet næringsområde – utviding





Forslagsstillar	Anders Sie
Eigar	Anders Sie
Stad. Gbnr	106/1
Gjeldande kommuneplan	LNF
Gjeldande reguleringsplan	Deler av området er regulert til landbruk i R97 og til vegformål i R97 og R174
Skildring av området	Landbruksareal nært rv 13.
Skildring av forslag	Nytt næringsareal i tilknyting til Årdalstunet. Ikkje spesifisert bruk.
Arealstorleik	Ca 29 daa
0-alternativ	Dagens arealbruk, dvs landbruk
Interessekonflikter	
Landbruk	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	Slår ikkje spesielt ut ift denne strategien
Miljømessig berekraft	I strid med nasjonalt mål om strengt jordvern
Økonomisk berekraft	I tråd med føring om satsing på næringsutvikling - men i strid med restriktiv jordvernstrategi .
Samla vurdering	
Etablering her er i strid med jordvernet. Forslaget omfattar 18 dekar fulldyrka jord, og ei jord som er så god at den er eigna til kornproduksjon. Det er såleis av den beste jorda me har. Det er framleis opne flater som kan byggast på og utviklast i dei områda som allereie er avsett til næring i Årdalstunet. Kommunedirektøren si vurdering er at ein må utnytta nedbygde areal betre før ein tek i bruk den aller beste dyrka jorda. Området på sørsida av RV 13 er innmarksbeite, dette er også jordbruksjord, men ikkje så konfliktfullt som fulldyrka jord. Ein meiner det er uheldig å leggje til rette for næring på denne sida av RV 13 både av omsyn til trafikksikkerhet og av omsyn til Storåna. Ein bør halda dette området mellom vegen og elva fri for inngrep.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Tilrår at området ikkje blir tatt med i kommuneplanen.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Som tilråding.	

4.7. Innspel 101- Behalde og fortette industriområde Melsøyrane

Sterling White Halibut har sendt inn innspel om å behalde området som industriområde, og føreslår at reguleringsplanen blir revidert. Dei ønskjer opning for landbasert akvakultur, og anna type industri tilknytta akvakultur, men ikke avgrensa til det.

Blir vurdert i eige kapittel.6

4.8. Innspel 101 og 126 Barnevik

Sterling White Halibut har sendt inn innspel om å behalde området som industriområde.

FNF har sendt innspel om å ta området ut av kommuneplanen og tilbakeføre til LNF

Sjå vurdering av området i kap.5.

4.9. Mjølhus





Forslagsstillar	Hjelmeland kommune
Eigar	Ruth Karine Wendelborg
Stad. Gbnr	Mjølhus – Gnr 70 bnr 6
Gjeldande kommuneplan	LNF-område
Gjeldande reguleringsplan	
Skildring av området	Innmarksbeite
Skildring av forslag	Forslag om avsetting av areal til biogass og anna landbrukstilknytt industri
Arealstorleik	40
0-alternativ	Dagens arealbruk, dvs ingen utbygging

Interessekonfliktar	
Landbruk: området er planlagt på innmarksbeite, men dette lempast på av at det er tiltenkt formål som gagnar landbruket Bumiljø: fare for påverknad av lukt, støy og visuell forureining. Det er få bueiningar i nærleiken og dei ligg eit stykke unna.	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	
Miljømessig berekraft	
Økonomisk berekraft	• Me skal ha tilgjengelege næringsareal i kommunen og sørgja for god utnytting av nye og eksisterande næringsareal. Det skal leggjast vekt på gjenbruk av areal framfor å ta i bruk nytt. Næringsareal på sjø og land skal vurderast i forhold til konfliktpotensial mot andre brukarinteresser. • Me skal sikra eit levedyktig landbruk, som tek vare på verdiskaping og kulturlandskap, gjennom ei streng forvaltning av jordvernet

Samla vurdering
Frå samfunnsdelen i kommuneplanen: «*Jobb og attraktivitet. Me skal leggja til rette for vekst i folketalet gjennom satsing på arbeidsplassar og attraktive lokalsamfunn*». *«Kommunen ynskjer å leggja til rette for ei vidare utvikling av næringslivet.»* *«Støtta opp om næringsprosjekt knytt til sirkulærøkonomi.»* Tiltaket legg til rette for å oppretthalda aktiviteten i landbruket og vil bidra med arbeidsplassar. Tiltaket vil òg føra til lågare klimagassutslepp. Biogassanlegg bidrar til matsikkerheit og er derfor eit viktig beredskapsomsyn. Eksisterande næringsareal i kommunen inneber utfordringar knytt til vegtransport og/eller straumtilføring. Det er på den bakgrunnen at kommunen legg til rette for eit næringsområde tett på riksveg 13 og med moglegheit for straumtilføring utan store inngrep. Det trekk i negativ retning at arealet ikkje ligg i direkte tilknyting til sjø, og at området blir etablert på innmarksbeite. I regionalt planforum kom det fram at Statsforvaltar og fylkeskommunen kunne tillata etablering av næringsareal på beitemark dersom det mogleggjer biogassanlegg i kommunen.
Kommunedirektøren si tilråding
Kommunedirektøren tilrår at området blir tatt inn i kommunen sin arealplan som næringsområde. Det bør knytast føresegn om at området skal nyttast til biogass og andre verksemder som kan inngå i ei sirkulær klynge med biogassanlegget.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Innspelet vert ikkje tatt med i forslag til ny arealdel.

4.10. Politisk innspel – kombinert massemottak/næring, Ingvaldstad





Forslagsstillar	Lars Ole Ingvaldstad / vidareført frå byggeråstoffplanen og formannskapsvedtak feb 26
Eigar	Lars Ole Ingvaldstad
Stad. Gbnr	95/2
Gjeldande kommuneplan	LNF. LNF spreidd bustad SB14 nord for området, bandleggingssone BO19 kulturminne/Prestavegen like sør for området
Gjeldande reguleringsplan	Ingen
Skildring av området	Det har vore sporadisk mindre masseuttak her sidan 1930; starta ute ved RV 13 av Statens Vegvesen, og òg privat/mindre/sporadisk uttak. Det er pr i dag eit ope hol i terrenget; blir kun nytta til lagring. Det er avkøyrsle frå RV13, og dermed enkel tilkomst på kort veg (ca. 250 m).
Skildring av forslag	Kombinert føremål masselager og industri
Arealstorleik	
0-alternativ	Dagens arealbruk LNF

Interessekonfliktar	
Kun lokale interessekonfliktar ift. kringliggande busetnad.	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	Industri nært bustadområde kan vere utfordrande ift. utvikling av attraktive grender og godt bumiljø. Området ligg mellom to område for spreidd busetnad, men det er ikkje tilrådd vidare utbygging her.
Miljømessig berekraft	Slår ikkje spesielt ut ift. denne strategien

Økonomisk berekraft	I tråd med føringa om å prioritere næring og om gjenbruk av areal.
Samla vurdering	
Bruk av området som massemottak er vurdert i temanotat Råstoffutvinning. Denne utgreiinga omhandlar bruk som næringsareal. I forslag til arealdel er området lagt med kombinert føremål industri og næring. Det er lite risiko knytt til nruk av området, men eit potensiale for konflikt med kringliggande busetnad avhengig av type næring.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Innspelet er tatt inn i forslag til ny arealdel som kombinert føremål massedeponi/næring.	

4.11. Politisk innspel – utvide Puntsnes industriområde



Forslagsstillar	
Eigar	Oskar Ommundsen og Palma Synnøve Ommundsen
Stad. Gbnr	63/2,4
Gjeldande kommuneplan	LNF
Gjeldande reguleringsplan	Ikkje regulert
Skildring av området	Utmarksområde/ beite
Skildring av forslag	Utviding av eksisterande næringsområde. Vert føreslått som kombinert næring og tenesteyting, jf. Endirng av eksisterande næringsareal.
Arealstorleik	Om lag 20 daa
0-alternativ	Dagens arealbruk – LNF område

Interessekonfliktar	
Næringsverksemd nær busetnad kan ha konfliktar, avhengig av type næring. Utvidinga har ingen større interessekonflikter.	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	Industri nært bustadområde kan vere utfordrande.
Miljømessig berekraft	Slår ikkje spesielt ut ift. denne strategien
Økonomisk berekraft	I tråd med føringa om å prioritere næring.
Samla vurdering	
Utviding med tilsvarande arealbruk som eksisterande næringsområde vil ha få konflikter.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Innspelet er tatt inn i forslag til ny arealdel som kombinert føremål massedeponi/næring.	

5. Planvask – vurdering av områda i gjeldande kommuneplan

I dette kapittelet er det gjort ei vurdert av dei byggeområda i gjeldande kommuneplan som ikkje er regulert eller utbygd, altså område som har ligge som «framtidig næringsområde».

Vedtak i formannskapet 18.03.2026, sak 040/26 er førande for arbeidet:

> 1. **Planvask**: urealiserte regulerte felt eldre enn 15 år og urealiserte felt som har vore i kommuneplanen meir enn to planrevisjonar skal vurdarast planvaskast ut, særskild planar med formål som ikkje er prioritert ift opplistinga under.

Det betyr at dei områda vedtaket viser til skal vurderast gjennom planvask. Dersom ein ynskjer å behalde området i kommuneplanen må det gjerast ei KU/ROS- vurdering før ein tek endeleg stilling til om det skal behaldast. Dersom ein tilrår å ta området ut i samband med planvask så er det ikkje gjort KU/ROS for området.

Regulerte område er vurdert i eige dokument – «planvask reguleringsplanar».

FRAMTIDIGE OMRÅDE I GJELDANDE KOMMUNEPLAN			
	Namn	**Vurdering**	**Tilråding**
I1	71/1 Viganeset	Tilrår noko utviding. Behov for ny overordna plan for heile området	Utviding og felles
I2	86/1 Sigmundstad		Ta ut
I5	142/3 Steinsvika		
I6	Puntsnes	Behalde og opne for ambulanse/brannstasjon som er tenesteyting	Flytte til kombinert formål - næring/tenesteyting
I8	Hetlandsbygda, Fister	Ta ut fulldyrka jord, opne for omdisponering av bygget og vidareføre næringsformål.	
I9	Fosså, Jøsneset	V	
I10	Haugevika, Jøsenfjorden		
I11	Almenningen, Hjelmeland		Ingen endring
I12	Osa Bru - Ålakjibå, Hjelmeland		Ingen endring
I13	Melsøyrane, nord for Svadbergvegen		Kommunedelplan Årdal

I14	139/10 -Svadberg	Ferdig regulert	Ta ut
I15	73/1 Barnevik		

Område med nåverande næringsbebyggelse i kommuneplan som ikkje inngår i reguleringsplan			
	Namn	**Vurdering**	**Tilråding**
	65/44 v/ Samfunnshuset		

5.1. I1 – 71/1 Viganeset,Hjelmeland



Område	I1 – framtidig Næring. Utviding austover frå allereie regulert industriområde
Eigedom	71/1
Kommuneplanen	Var i planen frå 2006. Dvs området må planvaskast før KU/ROS. Er del av reguleringsplan R55 der det er regulert til landbruk, men dette er overstyrt av kommuneplanens framtidige industriområde.
Føringar i Kommuneplanen	Sjølve Essvika skal haldast fri, og det skal tas omsyn til kaste- og låssettings-plassen i reguleringsplanen. Samla avkjørsel med industriområdet i vest.
Status område	Ubebygd, landbruksområde
Storleik	41 daa
Ubebygd areal (planreserven)	41 daa
Markslag (AR5) i planreserven	Fulldyrka: 28 daa Skog 13 daa

	Open fastmark: 2 daa
KU/ROS	Kommuneplanen 2019

Vurdering:

Viser til vurdering i kap 4.3 og kap 6.1

5.2. I2 – 86/1 Sigmundstad, Fister



Område	I2 – framtidig Næring
Eigedom	86/1
Kommuneplanen	Var i planen frå 2006. Dvs. området må planvaskast før KU/ROS.
Føringar i Kommuneplanen	Det er ikkje krav om reguleringsplan. Skal legge til rette for allmenta
Status område	Er ein eksisterande molo her.
Storleik	4 daa
Ubebygd areal (planreserven)	2 daa
Markslag (AR5) i planreserven	Fulldyrka: 1 daa Innmarksbeite 1 daa
KU/ROS	Kommuneplanen 2019

Vurdering

Området har ligge inne i kommuneplanen i fleire periodar utan at det har initiativ til tiltak i området. Ligg i strandsona. Deler av området er fulldyrka jord.
Kommunedirektøren si tilråding
Ta ut, erstatte med LNF.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilråding.

5.3. I5 – 142/3 Steinsvika, Nessa





mråde	I5 – framtidig Næring - Havbruk
Eigedom	142/3
Kommuneplanen	Var i planen frå 2006. Dvs området må planvaskast før KU/ROS. Temakart steinsprang, temakart snøras
Føringar i Kommuneplanen	Skal berre nyttast til føremål som er knytta til oppdrettslokaliteten i området.
Status område	Ubebygd
Storleik	2 daa
Ubebygd areal (planreserven)	2 daa
Markslag (AR5) i planreserven	skog
KU/ROS	Kommuneplanen 2019

Vurdering
Området har ligge inne i kommuneplanen i fleire periodar utan at det har initiativ til tiltak i området. Ligg i strandsona i eit område utan andre større inngrep og tiltak. Området er i gjeldande plan kopla med framtidig akvakulturområde
Kommunedirektøren si tilråding
Vidareføre med retningslinje om kopling mot akvakulturlokalitet Liarneset.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilråding.

5.4. I6 – 63/1,18,77 Pundsnes, Hjelmeland sentrum





Område	I6 – framtidig Næring - Lettindustri
Eigedom	63/1,18,77
Kommuneplanen	Eksisterande område, men i 2011 la ein inn mogleg fortetting. I 2019 blei området utvida i sør. Deler av området er regulert til forretning i R182 – Puntsnes forretningsområde. Temakart snøras heilt i sør
Føringar i Kommuneplanen	Området kan fortettast og vidareutviklast/utvidast som lettindustri, produksjonsverksemd, byggevare og liknande. Detaljhandel og bustad er ikkje i tråd med formålet. § 6 blir erstatta med eige unntak: enkel fortetting kan skje utan plankrav, men kravet slår inn ved større utbyggingar som td krev omlegging infrastruktur
Status område	Bebygd- er eksisterande industri
Storleik	56 daa
Ubebygd areal (planreserven)	17 daa
Markslag (AR5) i planreserven	Innmarksbeite: 3 daa Skog: 13 daa Open fastmark: 2 daa
KU/ROS	Kommuneplanen 2019

Vurdering
Området er delvis utbygd, men det er 17 daa som ikkje er utbygd. Ligg sentralt på Hjelmeland og det ligg godt til rette for etablering av næring som gir fleire arbeidsplassar (nær der folk bur). Hjelmeland brannstasjon ligg innafor området og det er planar for felles brann- og ambulansestasjon i dette området. Dette høyre heime under arealføremålet tenesteyting. Dette er to føremål som ein vurderer uproblematisk å kombinera.
Kommunedirektøren si tilråding

Endre til kombinert føremål næringsbebyggelse/tenesteyting.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilråding, men med utviding av område. Sjå kap 4.11.

5.5. I8 – 81/3 Hetlandsbygda, Fister





Område	I8 – framtidig Næring
Eigedom	81/3
Kommuneplanen	Var i planen 2006. Dvs. området må planvaskast før KU/ROS. Faresone høgspentlinje
Føringar i Kommuneplanen	Ingen
Status område	Grendahuset på Nessa inngår i området. Elles ubebygd landbruksområde
Storleik	22 daa
Ubebygd areal (planreserven)	20 daa
Markslag (AR5) i planreserven	Fulldyrka: 11 daa Innmarksbeite: 9 daa
KU/ROS	Kommuneplanen 2019

Vurdering
Har ligge inne i kommuneplan i fleire periodar utan at det har vore planar om å utvikla området. Om lag 11 dekar er fulldyrka jord, og området ligg i eit aktivt jordbruksområde. Likevel er det viktig å ha tilgjengeleg også mindre næringsområde, og det gamle ungdomshuset på Nessa kan kanskje takast i bruk til næringsføremål. Til dømes kan arealet kunna nyttast til foredlingsverksemd knytt til landbruket. Dersom ein skal vidareføre næringsformålet bør ein redusere og ta ut den fulldyrka jorda.
Kommunedirektøren si tilråding
Ta ut den fulldyrka jorda og vidareføre resten, ca 9 dekar.

Forslag til ny avgrensing:



Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming

Som tilråding.

5.6. I9 – 18/15,16 Fosså Jøsneset



Område	I9 – framtidig Næring – Produksjonslokaler og lager/lettindustri
Eigedom	18/15,16
Kommuneplanen	I 2006 og 2011 var deler av området eksisterande og delar framtidig industri. I 2019 blei heile området lagt som framtidig med mulighet for utviding. Planvaskast før KU/ROS. Temakart flaum. Det er kome innspel om utviding av området
Føringar i Kommuneplanen	Mikal Laks ligg i området frå før. Mindre utvidingar/endringar på 18/14 kan gjerast utan plankrav. Industriområdet kan utvidast på bnr 15 og 16 med plankrav
Status område	Delvis bebygd frå før med produksjonslokale til Mikals Laks.
Storleik	27 daa
Ubebygd areal (planreserven)	21 daa
Markslag (AR5) i planreserven	Skog: 16 daa Fulldyrka: 5 daa
KU/ROS	Kommuneplanen 2019

Vurdering:

Innspel om utviding av området, sjå vurdering i kap. 4.

5.7. I10 – 30/2 Haugevika, Jøsenfjorden





Område	I10 – framtidig Næring – Lager/lettindustri
Eigedom	30/2
Kommuneplanen	Var i planen frå 2006. Dvs. området må planvaskast før KU/ROS. Område vest var del av same område, men er regulert til industri i R124. Temakart steinsprang, temakart snøras
Føringar i Kommuneplanen	Ubebygd/tidlegare sanduttak. Plankrav
Status område	Ubebygd
Storleik	15 daa
Ubebygd areal (planreserven)	0 daa – alt er definert som bebygd/opparbeida
Markslag (AR5) i planreserven	0 (bebygd)
KU/ROS	Kommuneplanen 2019

Vurdering
Området er eit tidlegare grustak som ligg i tilknyting til regulert næringsområde, som blir nyta til bearbeiding og utskiping av sand og grus. Det har ligge inne i kommuneplanen i fleire periodar utan det er sett i gong regulering eller utvikling av området. Det grensar også inn til område som er regulert til fritidsbebyggelse. Det er i samsvar med arealstrategi om å ha tilgjengelege næringsareal. Dette ei grått areal, og samsvarar godt med føringa om å leggja vekt på gjenbruk av areal framfor å ta i bruk nytt. Næringsareal på sjø og land skal vurderast i forhold til konfliktpotensial mot andre brukarinteresser. Av omsyn til felles småbåthamn, badeplass, og område for fritidsbustader så er det viktig å vidareføre føring i gjeldande plan om lager/lettindustri.
Kommunedirektøren si tilråding
Tilrår å vidareføre som i gjeldande plan.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilråding.

5.8. I11 – 58/1,58,59 Almenningen, Hjelmeland sentrum





Område	I11 – framtidig Næring - Havbruk
Eigedom	142/3
Kommuneplanen	Låg i planen 2006 som nåverande og blei endra til framtidig i 2011 for fortetting. Dvs området må planvaskast før KU/ROS. Temakart flaum, steinsprang og snøras
Føringar i Kommuneplanen	Området er ferdig utbygd men kan vidareutviklast som næringsområde. Ev nybygg skal ROS-vurderast og ev avbøtande tiltak avklarast. Området skal sjåast i samanheng med næringsområdet I12, og kryssing av elv med gangbru er ønskjeleg.
Status område	Bebygd, tidlegare fabrikkbygningar ligg i området. Ein bygning er riven i planperioden.
Storleik	3,5 daa
Ubebygd areal (planreserven)	0 (alt er bebygd)
Markslag (AR5) i planreserven	Bebygd
KU/ROS	Kommuneplanen 2019

Vurdering
I samsvar med arealstrategi om å ha tilgjengelege næringsareal. I forhold til tettstadutvikling er det positivt med sentrumsnære næringsareal. Den eine bygningen er i bruk som bilverkstad. Bygningsmassen ligg veldig nær elva, og ein må ta omsyn til flaum. I perioden har det vore søkt om å omdisponere den gamle stolfabrikken til bustad, men det er ikkje gitt dispensasjon. Stolfabrikken har kulturhistorisk verdi som også bør takast omsyn til.
Kommunedirektøren si tilråding
Vidareføre som i gjeldande plan, med retningslinje om ROS- og avbøtande tiltak i forhold til flaum.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilråding.

5.9. I12 – 59/1,57 og 102 Osa Bru, Ålakjibå, Hjelmeland sentrum





Område	I12 – framtidig Næring – PG installasjon inkl utviding på visse vilkår
Eigedom	59/1,57
Kommuneplanen	Kom inn i planen i 2019. Krav om KU/ROS. Låg som eksisterande bustad og friområde i kommuneplanen 2011. Temakart flaum mot elva, temakart snøras mot elva. Faresone høgspent
Føringar i Kommuneplanen	Det tillatast meir utbygging nordvest for ekst næringsbygg, men ikkje nærare elv og/eller vatn jfr byggegrense. Resten av næringsområdet kan nyttast til lager/maskinpark oa. Enkel fortetting kan skje utan plankrav, men vilkår om ROS-vurdering av grunnforhold og flaumfare i enkeltsakar. Krav om plan slår inn ved større utbyggingar som td krev omlegging infrastruktur. Området skal sjåast i samanheng med næringsområdet I11, og kryssing av elv med gangbru er ønskjeleg. Tilrettelegging for gangferdsel og opphald langsmed elv/vatn er ønskjeleg
Status område	Delvis bebygd med to næringsbygg som er i drift. PG solgte eigedomen 59/57 i 2023, Ryspinn held nå til i lokalet.
Storleik	8 daa
Ubebygd areal (planreserven)	4 daa
Markslag (AR5) i planreserven	Innmarksbeite 2 daa Skog: 2 daa
KU/ROS	Kommuneplanen 2019

Vurdering
Området er delvis utbygd i dag, men det kan vidareutviklast. Det må takast omsyn til natur og friluftsliv, og utvikling av området må ikkje forringa vannmiljø i elva og Steinslandsvatnet, og må ikkje hindra ferdsel gjennom området.
Kommunedirektøren si tilråding
Vidareføre som i tidlegare plan med retningslinjer for å ivareta natur og friluftsomsyn.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilråding.

5.10. I13 – 103/24,26 mfl Melsøyrane, Årdal





Område	I13 – framtidig Næring – Lager/lettindustri
Eigedom	103/24 mfl
Kommuneplanen	Låg i planen i 2006. Dvs. området må planvaskast før KU/ROS. Omsynssone grønnstruktur, faresone flaum, bandlagt ny regulering for kommunedelplan ny RV13- trase
Føringar i Kommuneplanen	Utviding på austside av vegen
Status område	3 eigedomar i området der den eine er fritidsbustad. Området delvis bebygd, alt er opparbeida
Storleik	8 daa
Ubebygd areal (planreserven)	Området er opparbeida og difor derfinert som 0 i planreserve
Markslag (AR5) i planreserven	Bebygd
KU/ROS	Kommuneplanen 2019
Vurdering	
Sjå vurdering for Svadberg og Melsøyrane i kap 6.2	
Kommunedirektøren si tilråding	
Tilrår felles plan for eit større område i Årdal – sjå eige kapittel.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Som tilråding.	

5.11. I15 – 73/1 Barnevik Industriområde, Fister





Område	I15 – framtidig Næring – Utviding av eksisterande industriområde
Eigedom	73/1
Kommuneplanen	Kom inn i kommuneplanen 2019. Krav til KU/ROS. Omsynssone felles planlegging Temakart snøras
Føringar i Kommuneplanen	Krav om felles reguleringsplan med regulert areal i R56. Krav om at strandsone mellom veg og sjø blir regulert til grøntstruktur eller LNF, og at det blir regulert inn ca. 20 m brei sone på oppside av veg til grøntstruktur. Dypvannskaien skal vere tømmerkai.
Status område	Ubebygd. Ikkje vore planinitiativ i perioden
Storleik	
Ubebygd areal (planreserven)	53 daa
Markslag (AR5) i planreserven	Skog: 53 daa
KU/ROS	Kommuneplanen 2019

Vurdering
Området kom inn i kommuneplan i førre kommuneplan. Det har ikkje vore vist særleg interesse for å utvikle området i perioden, men Sterling White Halibut har kome med innspel til ny kommuneplan om å behalde området. Det er ikkje straum fram til området, og det er heller ikkje linjer med særleg kapasitet. Det ligg i tilknyting til tømmerkaien og regulert område rundt denne. I gjeldande plan er det krav om felles reguleringsplan med regulert areal i R56. Det er ikkje særlege negative konsekvensar med dette området, gitt at ein beheld ei vegetasjonssone rundt område, og mot bekken mot vest. Tilrettelegging for næring er prioritert.
Kommunedirektøren si tilråding
Vidareføre med retningslinjer som i gjeldande plan.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Området vert lagt inn som kombinert næring/massemottak

6. Vurdering av behov for overordna felles planar

6.1. Viganeset

Viganeset er eit etablert nærings- og industriområde med gode føresetnader for vidare næringsutvikling. Området har allereie eksisterande næringsverksemd, tilgang til sjø, teknisk infrastruktur og oppgradert nettkapasitet, noko som gjev eit godt grunnlag for etablering av nye verksemder og auka verdiskaping. Det er kome inn innspel om å utvida næringsområdet, og vidare utvikling av området blir vurdert å kunna bidra positivt til sysselsetting og styrka næringsgrunnlaget i Hjelmeland kommune.

På Viganeset sør er reguleringsplanen frå 1998, og på Viganeset nord inngår hovuddelen av arealet i ein reguleringsplan frå 2002. Gjennomgang i planvask har vist at det er behov for fornying av desse - Sjå meir om dette i temadokument om planvask.

Samtidig omfattar området registrerte naturverdiar, kulturminne, jordbruksareal og areal innanfor 100-metersbeltet langs sjøen. Det må derfor takast omsyn til naturmangfald, kulturmiljø, landskap og strandsona i framtidig planlegging. Tap av jordbruksareal kan reduserast ved å vurdera flytting og gjenbruk av jordressursar på eigna areal i nærleiken.

Det er vidare utfordringar med tilkomstvegen mellom Kleppakrossen og Viganeset, og vidare næringsutvikling vil kunna medføra auka tungtransport på eit vegnett med avgrensa kapasitet og standard.

Kommunedirektøren føreslår difor at det blir utarebeidd ein samla områdeplan for heile Viganeset næringsområde der eigna næringar blir omtala. Vidare bør det stillast krav til betre utnytting av området (fortetting), og rekkefølgjekrav om at områder som i dag ikkje er nytta til landbruksproduksjon skal utnyttast før nedbygging av dyrka mark.

Forslag til avgrensing av område med felles plan er vist i kartutsnittet under her:



6.2. Svadberg og Melsøyrane

Industriområda i Årdal, Melsøyrane og Svadberg, utgjer det største industriområdet i Hjelmeland. I den vedtekne arealstrategien er det vedtatt at dette skal vera eit viktig næringsområde for Hjelmeland.
Området har god infrastruktur kva gjeld tilknyting til RV 13 og det er fleire djupvasskaiar på Melsøyrane.
I 2026 er det aller meste av tilgjengeleg næringsareal utnytta, og det er spelt inn behov for meir areal, og ei utviding av arealet på Svadberg. Område RS 9 i gjeldande kommuneplan har vore avsett til råstoffutvinning. Innspel til denne revisjonen har vore å ta området i bruk til næringsområde.

Sterling White Halibut AS har spelt inn eit behov for å revidere den gjeldande planen på Melsøyrane, for å gi rom til ei utvikling og transformering av dette området, til dømes for å kunna leggja til rette for landbasert oppdrett.

I dette området er også ny RV13, Årdalstunnelen planlagt å komme ut i dagen, jf. eigen kommunedelplan K201501 RV 13 Melkeråna-Årdal.
Gjeldande kommunedelplan for tunellen har ei planlagt lengd på 10,3 km. Etter gjeldande direktiver må tunellar over 10 km byggjast med to løp. Eit slikt krav vil gjera det vanskeleg å få realisert Årdalstunellen som er eit veldig viktig prosjekt for Hjelmeland kommune. Difor er det svært viktig at det blir vurdert om eit kortare alternativ kan veljast. Ein endra tunelltrasé vil mest sannsynleg føra til endringar traséen for vegen i dagen i Årdal også, og altså kreva ei endringa av gjeldande kommunedelplan for RV13.
Det vil igjen vil ha noko å seia for kor ein kan planleggja eventuelle næringsareal på Svaberg og Melsøyrane.

Bygging av Årdalstunellen vil føra til at store mengder tunellstein må handterast, og ein må også ha ein plan for dette.

I prosjektet Utvikling av næringsareal i Hjelmeland som New Kaupang har gjennomført i samarbeid med kommune og næringsliv er det også peika på muligheten for å bygga ein fjellhall under Svadbergsfjellet. Dette vil også kreva handtering av store mengder stein.

På området som er spelt inn som utvidingsområde på Svadberg, tidlegare RS9, er det i 2025 gjort arkeologiske undersøkingar som har avdekka store område med automatisk freda kulturminne, og det vil vera behov for meir undersøkingar og utgravingar om dette området skal kunna nyttast til industri.

Svadberg er dessutan eit viktig landbruksområde.

Problemstillinga i dette området er altså svært komplekse, samstundes som særleg ny RV 13 er viktig for Hjelmeland kommune, saman med ei god og framtidsretta utvikling av næringsområda.
Det er vanskeleg å få løyse desse komplekse planutfordringane utan at ein utarbeidar ein større samordna plan for heile området.

Kommunedirektøren tilrår difor å ta ut eit større samanhengande område frå denne kommuneplanrevisjonen, for å kunna planlegga dette i ein eigen kommunedelplan.

Forslag til avgrensing slik:



7. Oppsummering/arealrekneskap

Område	**Tiltak**	**Tilråding**	**Vedtak 1.gangs handsaming**	**Arealendring**
Viganeset	Utviding	Ta inn deler av innspel	Som tilråding	+120 daa
Sigmundstad		Ta ut	Som tilråding	- 4,7 daa
Steinsvika		Vidareføre	Som tilråding	
Pundsnes	Politisk innspel om utviding	Endre til kombinert næring/tenesteyting	Utvide og endre til kombinert føremål	+ 20 daa
Hetlandsbygda		Ta ut fulldyrka areal	Som tilråding	- 12 daa
Fosså	Utvide eksisterande område	Ta inn delar av innspel	Som tilråding	+ 8 daa
Haugevika		Vidareføre	Som tilråding	
Almenningen		Vidareføre	Som tilråding	
Osa Bru, Ålakjibå		Vidareføre	Som tilråding	
Melsøyrane	Fortetting	Eigen KDP	Som tilråding	
Barnevik	Politisk innspel om å endre til kombinert næring/ massemottak	Behalde	Behalde og endre til kombinert føremål	
Nesvik	Kombinert næring/ tenesteyting	Ta inn	Som tilråding	+ 3,7 daa
Svadberg	Fortetting	Eigen KDP	Som tilråding	
Mjølhus	Nytt område for biogass	Ta inn	Ikkje tatt inn	
Ingvaldstad	Masselager	Ta inn	Ta inn som kombiner masselager/ næring	+ 30 daa

8. Konsekvensutgreiing og ROS vurderingar

8.1. Innspel 79 - Nesvik, Jøsneset – drivstoffanlegg





Forslagsstillar	Thomas Tjeltveit
Eigar	Lars Reidar Nesvik
Stad. Gnr/Bnr	19/3, Indre Ryfylkeveg, Nesvik
Gjeldande kommuneplan	LNF
Gjeldande reguleringsplan	Ikkje regulert
Skildring av området	Området ligg tett inntil RV13 og er pr i dag opparbeidd grusplass med avkøyring frå/til RV 13. IVAR Renovasjon Ryfylke har renovasjonscontainerar på plassen pr nå. Plassen er avgrensa med gjerde. Ligg i 100 m beltet frå sjø, men i høgd med RV13, ca 34 moh
Skildring av forslag	Sjølvbetjent drivstoffanlegg, mobilbygg,
Arealstorleik	Ca 1 daa
0-alternativ	Dagens situasjon

Tema	**Konsekvens**	**Forklaring/kommentar**
Miljø- og naturresursar		
Naturmangfald		Ingen registreringar, ikkje kartlagd.
Naturresursar		Ingen kjend
Jordbruk		
Skogbruk		Lauvskog
100-metersbeltet		Heile er i 100meterssona. Ikkje funksjonell strandsone.
Landskap		

Kulturminne, kulturlandskap og kulturmiljø		Ingen kjende kulturminne.
Friluftsliv og nærmiljø		Området er ikkje naturleg å nytte for friluftsliv.
Vasskvalitet og vassmiljø		Ingen vassdrag i området. Mogleg avrenning til sjø.
Forureining og klimagass		Ingen registrert ureining. Drivstoffanlegg vil ha eit potensiale for ureining.
Samfunn		
Tettstadsutvikling		
Bumiljø og folkehelse		
Born og unge		
Teknisk infrastruktur		Treng straum
Sosial infrastruktur		
Transportbehov/ trafikkmengd		Kun trafikk ifm. fylling av tanker. Ligg i tilknyting til Rv 13 som har rom for denne trafikkbelastninga.
Næring og sysselsetjing		
Beredskap		Brannutrykkingstad på Jøsneset.

Risiko og sårbarheit - Tryggleik og beredskap		
	Sannsyn, konsekvens	**Kommentar**
Grunnforhold, kvikkleire	1,2	Under marin grense, men utanfor aktsemdsone for kvikkleire. Liten sjans for førekomst.
Erosjon	2,2	Bratt terreng
Rasfare	1,1	Ingen registrert rasfare
Flaumfare	1,1	Ingen registrert flaumfare
Klima	1,1	
Trafikktryggleik	2,2	Av og påkøyring frå Rv 13. Kan gje potensiale for risikosituasjonar i kombinasjon med trafikk til/frå ferja.
Forureining	2,3	Utslepp frå drivstofftankar og søl ved fylling kan gje lokal ureining, og avrenning til sjø ved større hendingar.
Tørkesituasjonar, skog-/lyngbrann	1,2	Utmarksområde rundt, men avgrensa av sjø/veg
Radon		Ikkje relevant
Samferdselsårer	2,3	Ei større hending kan råke trafikken på Rv 13.
Offentleg tenester/ beredskap	2,2	

Samlokalisering		Ikkje relevant
Storulykke, farleg stoff		Ingen nærliggande verksemder
Andre risikoforhold		

8.2. Innspel 32, 74, 99 og 118 – Utviding næringsområde Svadberg

Dette området blir vurdert og utreda av Vial på oppdrag frå New Kaupang, jf. prosjekt om utvikling av næringsareal i Hjelmeland.

8.3. Innspel 21, 118 og 77 Viganeset – utviding av næringsområde



Forslagsstillarar	Næringsforeningen i Stavanger(innspel 118), LG Jansen(innspel 21), merknadar frå grunneigarar (77 og 36)
Eigar	Oddbjørg og Tor Helge Heggland, Anna Lena Kleppa og Kjell Magne Hjørungdal, Hjelmeland kommune
Stad. Gbnr	Viganeset sør – 71/1, 3, 5,6, 7 og 26
Gjeldande kommuneplan	Framtidig idrettsanlegg, LNF

Gjeldande reguleringsplan	R54 Viganeset industriområde, R55 Viganeset industriområde, nordre del
Skildring av området	Innspelsområdet går rundt eksisterande industriområde
Skildring av forslag	- LG Jansen eigedom AS (21); innspel om å utvide industriareal. - Næringsforeningen i Stavangerregionen(118); utvide næringsareal. - Haver AS på vegne av fam. Randa Heggland(77): innspel om at alt på eigedommen 71/1 blir lagt tilbake til LNF - Kleppa og Hjørungdal: innspel 36 om at heile eigedomen 71/3 skal vere LNF
Arealstorleik	
0-alternativ	Dagens situasjon

Tema	Konsekvens	Forklaring/kommentar
Miljø- og naturresursar		
Naturmangfald		Sandsvale (VU) registrert i nærleiken, Ål (EN) i Vigavatnet. Elles ingen registreringar i planområdet. Vigavatnet er kartlagd i 2026, men resultata er ikkje mottatt. Det er registrert tareskog og ålegrasenger i sjøen utanfor planområdet.
Naturresursar		Skogressurser, durkbar jord og sjøareal. Omsyn bør takast til eksisterande ressursgrunnlag
Jordbruk		Vel 30 daa fulldyrka jord. Omfang av inngrep må vurderast opp mot gardane sitt samla ressursgrunnlag og framtidige driftsmoglegheiter. Ved omdisponering av landbruksjord bør det vurderast å flytta jordressursane til omkringliggande areal
Skogbruk		Lauvskog med høg og svært høg bonitet. Avgrensa verdi for samla skogressurs i kommunen
100-metersbeltet		Delar av området ligg i 100-metersbeltet. Det må takast omsyn til strandsone og allmenne interesser ved inngrep i 100-metersbeltet. Samtidig har Hjelmeland mykje næring som er avhengig av nærleik til sjø, og det er ein fordel å avgrensa områda som nyttast til dette, noko

		som taler for utviding på eksisterande områder
Landskap		Delvis i område for Viktige landskap i Rogaland, Fisterøyane og østlige del av Fogn. Naturtype «Relativt åpent fjordlandskap med bebygde områder». Området ligg åpent og eksponert til, synleg frå lang avstand, men er allereie godt utbygd.
Kulturminne, kulturlandskap og kulturmiljø		Bonshidlaren i vest og eit enkeltminne frå Steinalderen på Rophammaren i aust.
Friluftsliv og nærmiljø		Området er i dag i lita grad lagt til rette for bruk av sjø og strandsone
Vasskvalitet og vassmiljø		Området grensar til Hjelmelandsfjorden (god økologisk tilstand) og Ølesundet (dårleg økologisk tilstand). Elvevassførekomstane i området er klassifiserte med moderat økologisk tilstand. Det er òg registrerte ålegrasenger og tareskogførekomstar. Tiltak må sikra at avrenning, utfylling eller utslepp ikkje forringar vassmiljøet. Det må setjast i verk nødvendige tiltak for å hindra forringing av miljøtilstanden i vassførekomstane.
Forureining og klimagass		Det er registrert kommunal fyllplass med akseptabel forureiningssituasjon. Industri og transport kan føra til utslepp og risiko for akutt forureining. Vidare industriutvikling og transport kan medføra utslepp til luft, jord og sjø, samt auka utslepp av klimagassar frå transportaktivitetar.
Samfunn		
Tettstadsutvikling		Tiltaket vil legga til rette for vidare utvikling av det eksisterande næringsområdet på Viganeset og styrka næringsgrunnlaget i kommunen. Utvikling av industri- og næringsareal inngår ikkje som ein del av den direkte tettstadsutviklinga, men tiltaket kan indirekte bidra

		positivt gjennom auka verdiskaping, fleire arbeidsplassar og eit styrkt grunnlag for busetting og næringsaktivitet i kommunen. I tråd med prinsipp, om å plassera «rett verksemd på rett stad» i areal- og transportplanlegginga, blir området vurdert som eigna for arealkrevjande nærings- og industriverksemd som ikkje er avhengig av ei sentral plassering nær kollektivknutepunkt eller tettstadssenter. Området ligg i tilknyting til eksisterande næringsverksemd, har nærleik til overordna infrastruktur og er tilgjengeleg frå sjøen. Dette gjer lokaliseringa godt tilpassa verksemder med behov for store areal, logistikk og høg nettkapasitet.
Bumiljø og folkehelse		Avhengig av kva industri som etablerast kan ulik forureining, derunder støy, lys, lukt m.v., påverka nærområda. Det er etablert glamping på nordsida av Ølesundet, og det er risiko for forstyrring av inntrykket derfrå. Omfanget av konsekvens av nye tiltak bør vurderast i vidare planlegging
Born og unge		Det er ikkje registrert særskilte lekeområder eller anlegg for barn og unge innanfor området
Teknisk infrastruktur		Området har tilgang til straum og annan teknisk infrastruktur. Oppgradert nettkapasitet gir gode forutsetningar for framtidig næringsutvikling og etablering av nye verksemder.
Sosial infrastruktur		Tiltaket vil ikkje direkte påverka kapasitet eller behov for sosial infrastruktur, men ei auke i næringsaktivitet kan påverka trafikksikkerheit til born og unge langsmed vegnettet. Etablering av verksemder som aukar trafikken betydeleg, bør følgast av rekkefølgjekrav knytt til sikring av mjuke trafikkantar

Transportbehov/ trafikkmengd		Auka tungtransport vil kunna føra til større trafikkbelasting i området. Dei eksisterande fylkesvegane har avgrensa kapasitet og standard for auka næringstrafikk, og er i liten grad tilrettelagde for mjuke trafikantar. Det vil derfor vera behov for oppgradering av vegnettet og trafikktryggingstiltak i dersom vidare utvikling av området fører med seg betydeleg trafikkauke.
Næring og sysselsetjing		Området har nærleik til sjø, akvakulturverksemd og eksisterande næringsrelaterte areal. Ei vidare utvikling av området kan bidra til lokal verdiskaping og styrka næringsgrunnlaget i kommunen. Samtidig kan ei slik utvikling påverka omkringliggande næringsinteresser. Glampingverksemda på Randøy kan bli påverka av støy, lukt og synsinntrykk. Dette bør bøtast på ved å ta omsyn til glampinga, til dømes gjennom landskapstilpassing og ved å vurdera industri eller bygningar i mindre skala. Fiskeslakteri på Hundsnes må òg omsyntakast. Dette ligg inne som ein eigen føresetnad i gjeldande reguleringsplan av Viganeset nord. Vidare kan ei utviding av næringsområdet føra til redusert arealgrunnlag for dei aktuelle grunneigarane.
Beredskap		Området er eksponert for fleire natur- og klimarelaterte forhold som bør vurderast nærare, viktigast stormflo. Det er registrert ein tidlegare kommunal fyllplass med forureina grunn. Næraste brannstasjon og beredskapsstasjon ligg på Sande, om lag 4,6 km frå Viganeset. Køyretida frå brannstasjonen til Viganeset er om lag seks minutt ved normal trafikkavvikling. Vidare utvikling av området kan medføra auka krav til beredskap, særleg dersom det vert etablert

		verksemder som handterer brannfarlege eller eksplosive stoff.

Risiko og sårbarhet - Tryggleik og beredskap		
	Sannsyn, konsekvens	**Kommentar**
Grunnforhold, kvikkleire	1,2	Området ligg innanfor aktsemdområde for kvikkleire, men utan registrerte kvikkleiresoner. Ved større terrenginngrep bør det gjennomførast geotekniske vurderingar
Erosjon	1,1	Ingen kjend risikofaktor
Rasfare	1,2	Det er ikkje registrert fare for steinsprang eller jord- og flaumskred, men nærare vurderingar kan vera nødvendig ved utbygging i skrånande terreng
Flaumfare	2,2	Ligg i aktsemdområde for flaum. Handtering av overvatn og framtidig havnivåstigning må vurderast
Klima	1,2	Utsett for framtidig havnivåstigning og stormflo. Klimatilpassing må ivaretakast ved etablering av sjønære anlegg
Trafikktryggleik	3,3	Tilkomsten til området skjer via fylkesveg 4680 og 4678/4674. Trafikkmengda i områdeanalysen er oppgjeven til om lag 500 til 1 500 ÅDT. Sidan tala er statistiske estimat og ikkje baserte på faktiske trafikkregistreringar, er det knytt usikkerheit til kor representative dei er for dagens situasjon. Det er registrert trafikkulykker i området. Den eksisterande fylkesvegen mellom Kleppakrysset og Viganeset har avgrensa vegbreidde, dårleg kurvatur og få møteplassar. I tillegg er vegen i liten grad tilrettelagd for mjuke trafikantar. Ved auka tungtransport og transport av farleg gods, bør det gjennomførast utbetringar av vegen.
Forureining	1,2	Det er ein tidlegare kommunal fyllplass/deponi på Viganeset. Eventuelle gravearbeid kan kreva undersøkingar av massar og grunnforhold. Ved utbygging må det takast omsyn til sjø og vassmiljø. I tillegg kan nærleiken til sjøen medføra auka risiko for akutt forureining ved trafikkulykker, brann eller utslepp frå verksemder.

Tørkesituasjonar, skog-/lyngbrann	1,2	Området omfattar skogsareal. I tørre periodar kan området vera utsett for skog- eller lyngbrann
Radon	2,2	Området ligg i sone for høg radonaktsemd. Nye bygg må prosjekterast etter krava i TEK17 for radonførebyggande tiltak
Samferdselsårer	3,3	Området har berre ein tilkomst, fylkesveg 4680. Ei storulukke på Viganeset kan medføra stengt veg, og at Randøy blir isolert.
Offentleg tenester/ beredskap	2,1	Vidare utvikling av området kan medføra behov for styrkt beredskap. Det bør vurderast om etablering av eit felles industrivern kan vera føremålstenleg for å redusera konsekvensane dersom fleire verksemder med forhøgd risiko vert etablerte i området. Samstundes kan nærleiken til sjøen styrkja beredskapen ved at han opnar for evakuering sjøvegen.
Samlokalisering	2,3	Prosjektområdet omfattar fleire nærings- og industriverksemder nord og sør for fylkesveg 4680. Samlokalisering av fleire verksemder kan gje risiko for dominoeffektar ved brann, eksplosjon eller akutt forureining. Risikoen vert vurdert som middels, men konsekvensane kan bli store dersom ei hending spreier seg mellom verksemdene. Det må sikrast tilstrekkelege tryggingsavstandar og omsynssoner mellom verksemdene for å redusera risikoen.
Storulykke, farleg stoff	2,3	Dersom næringsområdet blir utvikla vidare, aukar skadepotensialet ved handtering av drivstoff, kjemikalie eller anna farleg gods. Risiko må vurderast i konkrete prosjekter.
Andre risikoforhold		

8.4. Innspel 32, 74, 99 og 118 – Utviding næringsområde Svadberg





Forslagsstillar	Årdal Bygdaråd nr 32, Hjelmeland bondelag nr 74, Årdal Aqua nr 99 og Næringsforeningen i Stavanger
Eigar	Tårn Sigve Schmidt
Stad. Gbnr	139/10, 33
Gjeldande kommuneplan	Mesteparten er Råstoffutvinning + ein mindre del LNF
Gjeldande reguleringsplan	Ikkje regulert
Skildring av området	Området er for det mest fulldyrka jord. Noko overflatedyrka, innmarksbeite og skog. Området ligg i tilknyting til industriområde på Svadberg med bl.a. Årdal Aqua, og inn mot Svadbergsfjellet i sør.
Skildring av forslag	Utvide eksisterande næringsområde Svadberg.
Arealstorleik	110 dekar
0-alternativ	Dagens bruk

Tema	Konsekvens	Forklaring/kommentar
Miljø- og naturresursar		
Naturmangfald		Viktig naturtype elvedelta. Naturtype hagemark (VU), frisk lågurtedellauvskog (NT), naturbeitemark (VU), eng-aktiv sterkt endret fastmark. Fleire nært truga og sårbare fugleartar. Ask (EN). Framand art – platanlønn. Alle førekomstar, forutan fuglar, ligg i utkant av området mot Svadbergfjellet.

Naturresursar		
Jordbruk		Dels fulldyrka, noko overflatedyrka og noko skog.
Skogbruk		Lauvskog
100-metersbeltet		Utanfor 100metersbeltet
Landskap		Naturtype relativt åpent fjordlandskap med bebygde områder. Ikkje synleg frå avstand, arealet er frå før ganske flatt.
Kulturminne, kulturmiljø og kulturmiljø		Det er nyleg gjort kulturminneegistrering, jf Arekologisk rapport ift Detaljreguleringsplan Svadber, Rapport 41, 2024. Store funn, store delar av vestre del er automatisk freda kulturminne. Stor konflikt
Friluftsliv og nærmiljø		
Vasskvalitet og vassmiljø		Nært Storåna.
Forureining og klimagass		Ingen registrert forureining.
Samfunn		
Tettstadsutvikling		Industriutbygging kan påverke dei næraste bustadane, men vil ikkje ha verknad for tettstaden Årdal.
Bumiljø og folkehelse		
Born og unge		Området er ikkje naturleg brukt og vil ikkje påverke omsyn til born og unge.
Teknisk infrastruktur		Grensar til eksisterande næringsområde. Kan krevje nye løyver for utslepp.
Sosial infrastruktur		
Transportbehov/ trafikkmengd		
Næring og sysselsetjing		
Beredskap		

Risiko og sårbarheit - Tryggleik og beredskap		
	Sannsyn, konsekvens	**Kommentar**
Grunnforhold, kvikkleire	2,2	Aktsemdområde for kvikkleire

Erosjon	1,1	Ingen særskild risiko
Rasfare	2,3	Dels i aktsemdområde for snøskred, noko areal i aktsemdområde jord- og flaumskred
Flaumfare	2,3	Aktsemdområde flaum. Faresone 200årsflaum.
Klima		
Trafikktryggleik		
Forureining	1,1	Ingen kjend risiko
Tørkesituasjonar, skog-/lyngbrann	1,2	Skog- og utmarksareal rundt. Spreiingspotensiale ved ein ev brann.
Radon	1,1	Moderat til låg risiko for radon.
Samferdselsårer	1,1	Hendingar på området vil ikkje råke viktige samferdselsårer.
Offentleg tenester/ beredskap	1,1	Ingen endring i risikosituasjonen
Samlokalisering		
Storulykke, farleg stoff		
Andre risikoforhold		

8.5. Innspel 82 og 95 Fosså utviding av industriområde

Innspel 82 og 95	
 	
Forslagsstillar	Thomas Tjeltveit 82 og Jøsneset bygdaråd 95
Eigar	Hjelmeland kommune
Stad. Gbnr	8/15,16,17,18
Gjeldande kommuneplan	LNF
Gjeldande reguleringsplan	Ingen
Skildring av området	Skog, beite og overflatedyrka mark langs jøsnesvegen
Skildring av forslag	Vidareføre og utvide industriområde
Arealstorleik	30 dekar + 23 dekar utviding
0-alternativ	Dagens arealbruk

Tema	**Konsekvens**	**Forklaring/kommentar**
Miljø- og naturresursar		
Naturmangfald		Registrert viktige naturtypar langs Fosså og mot vest. Ikkje viktige naturtypar i området sør og aust for Mikals Laks
Naturresursar	Skog, men liten del av den samle ressursen i Hjelmeland	
Jordbruk		Overflatedyrka og innmarksbeite
Skogbruk		Lauvskog, grunnlendt
100-metersbeltet		Utanfor 100metersbeltet til sjø.
Landskap		Relativt åpent fjordlandskap med

		bebygde områder og jordbruksdominans, men akkurat dette området ligg ikkje så eksponert.
Kulturminne, kulturmiljø og kulturmiljø		Ingen registrerte
Friluftsliv og nærmiljø		Ikkje naturleg brukt for ferdsel eller opphald.
Vasskvalitet og vassmiljø		Elva Fosså renn gjennom området. Påverknad avheng av bruk av området. Også nokre minre bekker.
Forureining og klimagass		Avhengig av kva type industri, men utgangspunktet er at ny næringsetablering skal skje utan at det fører til forureining.
Samfunn		
Tettstadsutvikling		
Bumiljø og folkehelse		Grensar til område for spreidd busetnad SB12. Føreslått utviding kjem ikkje nærare enn dagens.
Born og unge		
Teknisk infrastruktur		Jøsnesvegen er smal og ikkje eigna for større auke i trafikken, eller mykje tungtrafikk.
Sosial infrastruktur		
Transportbehov/ trafikkmengd	Det er i innspela ikkje angitt kva type næring ein ønskjer å etablere. Transportbehovet vil avhenge av dette. Vegen er smal og lite eigna for stor auke i trafikken, og særleg ikkje tungtrafikk.	
Næring og sysselsetjing		
Beredskap		Kort veg til brannutrykkingsstad på Skiftun.
Risiko og sårbarhet - Tryggleik og beredskap		
	Sannsyn, konsekvens	**Kommentar**

Grunnforhold, kvikkleire	2,2	Aktsemdkart for kvikkleire.
Erosjon	2,1	Risiko for erosjon i elvebreidda, men liten konsekvens
Rasfare	1,1	Ingen registrert skredfare
Flaumfare	2,2	Aktsomhetsområde flaum for delar av området
Klima	1,1	
Trafikktryggleik	2,2	Næringsetablering vil medføre auka trafikk på ein smal veg utan tilrettelegging for mjuke trafikkantar.
Forureining	1,1	Vil avhenge av kva type næring, men føresetnaden for næringsdrift er at det ikkje skal forureine.
Tørkesituasjonar, skog-/lyngbrann	1,2	Ligg i eit skogsområde som kan brenne ved tørke.
Radon	2,1	Høg risiko for radon
Samferdselsårer	2,2	Ei ulykke på industriområdet kan føre til at vegen blir stengd. Det er ikkje omkøyringsveg.
Offentleg tenester/ beredskap	1,1	Risiko vert ikkje endra ved den føreslåtte utvidinga.
Samlokalisering	1,1	Ingen auka risiko basert på dagens kunnskap.
Storulykke, farleg stoff	1,1	Ikkje aktuelt for dette innspelet?
Andre risikoforhold	1,1	

8.6. Innspel 100 og 32 – Årdalstunet næringsområde -utviding





Forslagsstillar	Anders Sie	
Eigar	Anders Sie	
Stad. Gbnr	106/1	
Gjeldande kommuneplan	LNF	
Gjeldande reguleringsplan	Deler av området er regulert til landbruk i R97 og til vegformål i R97 og R174	
Skildring av området	Landbruksareal nært rv 13.	
Skildring av forslag	Nytt næringsareal i tilknyting til Årdalstunet. Ikkje spesifisert bruk.	
Arealstorleik	Ca 29 daa	
0-alternativ	Dagens arealbruk, dvs landbruk	
Tema	**Konsekvens**	**Forklaring/kommentar**
Miljø- og naturresursar		
Naturmangfald		Dyrka – lite sjans for særskild mangfald. Ingen registreringar.
Naturresursar		Sand og grusressurs, ikkje aktuell å ta ut
Jordbruk		Fulldyrka jord nord for rv 13, overflatedyrka på sørsida.
Skogbruk		Ingen skog
100-metersbeltet		Utanfor
Landskap		Relativt åpent dallandskap under skoggrensen med bebygde områder og jordbruksdominans.
Kulturminne, kulturmiljø og kulturmiljø		Ingen registrerte
Friluftsliv og nærmiljø		Arealet sør for RV 13 vender ned mot Storåna,og er trekt nærmare enn 50 m frå åna.

Vasskvalitet og vassmiljø		Opparbeiding av næringsareal nær kantsona mot åna kan føra til næringsavrenning .
Forureining og klimagass		
Samfunn		
Tettstadsutvikling		Ligg sentralt i Årdal. Kan stette opp om tettstadsutvikling, alt etter kva næring som etablerast.
Bumiljø og folkehelse		Kjem an på kva næring som er planlagd
Born og unge		
Teknisk infrastruktur		Tilgang til veg, straum, vatn og avløp.
Sosial infrastruktur		
